

**Notat**Dato: 18.05.2017  
Arkivsak: 2016/149-12  
Saksbehandlar: irevelu

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Utbetring etter Tunnelsikkerhetsforskriften - løypemelding****Innleiing**

Tunnelsikkerhetsforskriften vart gjort gjeldande for fylkesveg 01.01.2015. Statens vegvesen gjorde ei vurdering av kostnadene med å utbetre tunnelane etter minstekrava i føresegna, dette vart gjort greie for i «Plan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar». I januar 2017 bad Hordaland fylkeskommune om at Statens vegvesen gjorde ei detaljering og tydeleggjering av det som var kome fram i nemnde plan, - særleg knytt til kostnader og finansiering. Fylkesrådmannen vil gjere greie for det auke finansieringsbehovet som no er synleggjort, og prosessen med iverksetting av nødvendig tiltak.

**Bakgrunn**

- 11.12.2015 - Brev til Vegdirektoratet, søknad om utsatt frist for iverksetting av FOR-2014/1566/SD
  - Vedlegg - Notat frå Statens vegvesen «Plan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar»
- 06.01.2016 - Svar frå Vegdirektoratet, ber om framdriftsplan som baserer seg på utvida tidsfrist
- 06.04.2016 - Brev til Vegdirektoratet, med forslag til framdriftsplan
- 15.06.2016 - Svar frå Vegdirektoratet, forlenga frist til 2025
- 13.12.2016 - «Plan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar» blei vedtatt i fylkestinget som ein del av strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029

På bakgrunn av at det var knyta ein del uvisse til kostnadsoverslaga og ønskje om tydelegare detaljering av kvar tunnel etter minstekrava i føresegna (alt. A) og sterke faglege tilrådingar frå vegvesenet (alt. B), har Statens vegvesen utarbeida eit notat med nye kostnadsoverslag. Notat og excelark detaljar er vedlagt denne referatsaka.

**Auka finansieringsbehov**

Notat frå desember 2015 «Plan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar», vart det lagt til grunn at

- 34 tunnelar støtta minstekrava i føresegna (alt. A) tilsaman 713 mill. kr
- sterke faglege tilrådingar (alt. B) tilsaman 1446 mill. kr
- samla behov 2159 mill. kr

Notat av 19.05.2017 «Finansieringsbehov, Tunneloppgradering fylkesveg etter FOR 2014/1566/SD», vert det lagt til grunn at

- 37 tunnelar støttar minstekrava i føresegna (alt. A) tilsaman 1077 mill. kr
- sterke faglege tilrådingar (alt. B) tilsaman 1386 mill. kr
- samla behov 2463 mill. kr

I Statens vegvesen sitt notat av mai 2017 går det fram at primissane er endra. Dette har ført til at samla kostnadsoverslag har auka med 304 mill. kr. Uvissa i anslaga er framleis på same nivå som utbetningsplanen av desember 2015 (+/- 40%).

#### **Prosesen vidare**

Med grunnlag i dei nye vurderingane knytt til kostnader så vil fylkesrådmannen utarbeida ein ny framdriftsplan for utbetring av lange fylkesvegtunnelar. Den nye framdriftsplanen vil bli lagt inn i investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2019. Det er lagt opp til at investeringsprogrammet blir lagt fram for vedtak i desemberberinget 2017. Etter vedtaket blir ny framdriftsplan oversendt vegdirektoratet for ny godkjenning.

#### **Vedlegg**

- 1 Vedlegg 1 - Finansieringsbehov, Tunneloppgradering fylkesveg etter FOR 2014/1566/SD
- 2 Vedlegg 2 - Detaljnivå på finansieringsbehov, Tunneloppgradering fylkesveg etter FOR 2014/1566/SD